

### 10.3 Statuttar for æresmedlem og «IL Rein krus»

#### **Saksframlegg til endring i Handlingsplan IL Rein.**

Styret ynskjer å leggje til rette for ei ordning der me framhevar god innsats over tid, slik at me formelt kan heidre dei som gjer ein ekstra innsats for bygds og idrettslaget. Fylgjande statuttar ynskjer styre og fremme på årsmøte 2023:

Utmerking og æresmedlemskap

Årsmøtet vedtar reglar for utdeling av utmerking for sportslege og andre innsatsar.

#### **Statuttar for tildeling av Idrettslaget Rein sitt krus:**

1. Kruset kan delast ut til medlem eller annan person som har gjort ein stor innsats for laget.
2. Prisen skal henge høgt.
3. Det kan takast omsyn både til aktiv idrett og administrativt arbeid.
4. Innsatsen for laget bør ha strekt seg over tid (over 10 år).
5. Grunngevinga for tildelinga skal skrivast i "Krusvinnarprotokollen" og leggest ut på lagetts heimeside.
6. På kruset skal stå namnet til den det gjeld og årstal.
7. Alle medlemmer i laget kan koma med forslag på krusvinnar til hovudstyret seinast 4 veker før årsmøtet.
8. Hovudstyret får fullmakt til å velje ut krusvinnar blant innkomne forslag eller frå eigne kandidatar.
9. Utdelinga skal normalt skje i samband med årsmøtet eller i eit større arrangement og delast ut årleg om kandidatar.

#### **Statuttar for æresmedlemskap i Idrettslaget Rein**

1. Æresmedlemskap er lagetts høgaste utmerking
2. Utmerkinga skal henge svært høgt, og kan berre tildelast personar som har vore aktive i IL Rein gjennom mange år.
3. Æresmedlemskap tildelast personar som har
  - a. utført usedvanleg fortjenestefullt arbeid for laget gjennom mange år,
  - b. har lagt ned ein spesielt stor administrativ innsats over lang tid
  - c. eller i ei spesiell sak som har fått stor avgjerd for laget. eller
  - d. Gjennom mange år, så vel sportsleg som administrativt, har betydd svært mykje for miljø, samhald og trivsel i IL Rein.
4. Styret i Idrettslaget Rein skal til ein kvar tid kunne vurdere kandidatar som skal utnemnast til æresmedlemer på bakgrunn av forslag fremma av medlemmer i laget.

5. Det er eit samla styre som utnemner æresmedlemmer, utnemning skjer med intervall på 5 år og skjer fyrste gong i 2023.
6. Markering av utnemninga bør skje på årsmøtet eller i eit større arrangement.
7. Æresmedlemmer får et livslangt og gratis medlemskap i IL Rein.
8. Den som utnemnast til æresmedlem skal mottaka eit synleg bevis på utnemninga i form av eit diplom.
9. Det skal opprettast eit arkiv over æresmedlemmene med grunngjeving for tildelinga. Oversikt skal finnast på lagetts heimeside.
10. Æresmedlemmer skal inviterast til jubileum og andre store tilstellingar i lagetts regi.

*Ved eit vedtak vil beskriving og ansvar inkluderast i dokument "Handlingsplan IL REIN"*